



Sauda kommune  
Postboks 44  
4201 Sauda

Kontakt saksbehandlar  
Tina Eltervåg, 51568789

## Fråsegn med motsegn - offentleg ettersyn av plan 2014005 for Nordstøldalen, 23/2, 24/1, 24/2, 26/4 Sauda

Vi viser til brev datert 28.01.2021,

### Bakgrunn

Saka gjeld offentleg ettersyn av plan 2014005 for Nordstøldalen gnr./bnr. 24/2, 24/1, 26/4, 23/2 og 24/2. Hensikta med planen er å legge til rette for ei differensiert hytteutbygging. Planforslaget omfattar 159 fritidsbustader der 8 av desse er eksisterande.

### Vår vurdering

Det er positivt at planen legg opp til ein differensiert hyttestørrelse og at hyttene er plasserte i klynger i terrenget. Me saknar likevel ei betre grunngjeving for kvifor hyttene er plassert slik dei er. I saka står det at tomtene er forsøkt plasserte slik at dei har gode sol- og utsiktsforhold samtidig som dei ikkje skal vere dominante i landskapet. Planforslaget manglar illustrasjonar som viser dette, og ei beskriving av moglege konsekvensar plasseringa kan få for biologisk mangfald, karbonrike areal og ålmentas oppleving av området. Det er også lagt ut 25 hytter som ikkje er i tråd med avgrensinga i kommuneplanen.

### Nedbygging av karbonrike areal

I 2018 vart det vedtatt statlege planretningsliner (SPR) for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing. Formålet med desse statlege planretningslinene er å sikre at kommunane og fylkeskommunen prioriterer arbeidet med å redusere klimagassutslepp og at klimatilpassing vert lagt vekt på i planlegging etter plan- og bygningslova. Statsforvaltaren, statlege sektormyndigheter og fylkeskommunane skal legge retningslinene til grunn for si rettleiing og deltaking i planprosessar.

Me viser til kapittel 4.3 *Krav til planprosess og beslutningsgrunnlag* i SPR for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing, som seier at ved planlegging av nye område for utbygging, fortetting eller transformasjon, skal det vurderast korleis omsynet til eit endra klima skal ivaretakast. Og at det bør leggast vekt på gode heilskaplege løysingar og ivaretaking av økosystem og arealbruk med betydning for klimatilpassing. Vidare står det at bevaring, restaurering eller etablering av naturbaserte løysingar (slik som karbonrike areal) bør vurderast. Dersom andre løysingar blir valde, skal det grunngjenvært kvifor naturbaserte løysingar er valde bort.



Karbonrike areal som myr og skog blir sett på som ein naturbasert løysing på bakgrunn av sine eigenskapar til å handtera vassmassar ved flaum, som leveområde for biologisk mangfald og si evne til å binde karbon. Nedbygging av karbonrike areal gir auka klimagassutslepp og reduserer framtidig opptak av karbon. Å bevare karbonrike areal er med andre ord ei vinn-vinn løysing for naturmangfald og klimatilpassing. Kommunen skriv også sjølv i kommuneplanen at natur som våtmark, myr, elvebredder og skog, har verdi i seg sjølv og kan dempa effekten av klimaendringar, og at desse areala er viktige å sikre.

Fleire av fritidsbustadene i planforslaget er plasserte på område med myr, utan at det er grunngjeve kvifor og vurdert kva moglege konsekvensar dette kan få for klimatilpassing, klimagassutslepp og biologisk mangfald. Statsforvaltaren fremmar difor **motsegn** til planforslaget, med heimel i plan- og bygningslova § 5-4, då det er i strid med SPR for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing. For å løysa motsegna må fritidsbustadene plasserast utanfor område med myr og areal som har vesentleg betydning for klimautslepp og klimatilpassing. Alternativt må konsekvensar for klimaomstilling, landskap, friluftsliv og biologisk mangfald greiast ut og vurderast som akseptable, i dialog med Statsforvaltaren.

#### Konflikt med kommuneplanen

Planforslaget legg opp til 25 fritidsbustader i landbruks- natur- og friluftsområde (LNF-område) i strid med kommuneplanen. Kommunen skriv at desse fritidsbustadene utgjer mindre områdar med god plassering i terrenget. Me viser til manglande vurderingar i planforslaget når det gjeld plassering av fritidsbustader, og fremmar **motsegn** til desse fritidsbustadene då dei ikkje er i tråd med kommuneplanen. Me saknar blant anna ei betre grunngjeving for kvifor fritidsbustadene er plasserte slik dei er foreslått og moglege konsekvensar for biologisk mangfald, klimatilpassing og friluftsliv, landskap og gode illustrasjonar som viser dette. Gode utgreiningar er særleg viktige der det er strid med overordna plan.

#### Vassdrag

I tillegg til hovudelva som går gjennom planområdet, renn det også fleire bekker frå nordaust til hovudelva. Det går ikkje klart fram av føresegna korleis ein i utbyggingsfasen skal unngå avrenning til desse bekkane og hovudelva. Av omsyn til vassdragsverdiane i området, fremmar me **motsegn** til reguleringsplanen, då den ikkje har konkrete krav til avbøtande tiltak. Det må setjast krav i føresegna til at avrenning til vassdrag skal hindrast, både under anleggsfasen og etter ferdigstilling, og at massane må lagrast i god avstand frå vassdraget.

Det står i planforslaget at det ikkje skal gjerast inngrep i kantsona langs vassdrag. Dersom det skal gjerast inngrep i kantvegetasjonen langs hovudelva i samband med etablering av veier, skiløyper, badeplass og nærmiljøanlegg, vil dette krevje behandling etter vassressurslova § 11, der Statsforvaltaren er myndigkeit. Tiltak i vassdraga skal behandles etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag. Då det er sjøaure i elva, er Statsforvaltaren myndigkeit også for dette.

Me har ikkje merknader til tilrettelegging for badeplass, då det er lite eller ingen kantvegetasjon på denne staden i dag. Me har heller ikkje merknader til ei kryssing av elva med skiløype. Kantvegetasjonen skal fjernast i sin heilskap oppstrøms, og me har **fagleg råd** om at det blir lagt inn ei omsynszone til vassdraget mellom arealet vist som nærmiljøanlegg (BNA) og elva for å sikra at kantvegetasjonen blir tatt vare på.



## Vidare dialog

Me ser fram til vidare kontakt i saka for finne gode løysingar. Ta kontakt om de treng utdjuping av merknadane våre eller ynskjer drøftingsmøte.

Med helsing

Harald Thune  
ass. statsforvalter

May Britt Jensen  
fylkesmiljøvernsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:  
Rogaland fylkeskommune Postboks 130 4001 Stavanger